

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: Kommunehuset
Møtedato: 03.06.2008 **Tid:** 15.00-19.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Nils Gåsdal

I staden møtte:
Heidi Gjerde sak 8-9/08

Andre som var tilstade på møtet: Kulturkonsulent Tysseland under skriv og melding og sak 9/08. Pleie og omsorgleiar Hjartnes under sak 8/08. Ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. juni 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Inge Aasgaard stilte spørsmål om status for nye ballbingen på Gjerde. Kulturkonsulenten orienterte om at han ville kontakta naboar og avklara om det ville bli behov for evt. støytak. Fotballkretsen er svært tilfreds med denne plasseringa.

Trude Løvskar stilte spørsmål om behov for evt. ekstramøte i OO. Ordføraren orienterte om at dette måtte vurderast når politisk leiargruppa stette møteplanen for hausten.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ass.admsjef orienterte om følgjande:

- Nye Gjerde barnehage er i rute. Barnehagen vil mest sannsynleg verte opna noko før årsskiftet (tidleg i desember) om ein held den framdrifta som har vore til no. Det er ikkje varsla om budsjettoverskriding i prosjektet.
- Ættesoga er også i rute og klar til sal i september. Utvalet inviterar forfattaren inn til avslutning i septembermøtet.
- Kulturplanen kjem opp til politisk handsaming i september. Trude Løvskar og Liv Berit Khadoor lagar forslag på prioritering av tiltaka.
- Samnanger kommune deltek med 2 politikkar og 2 frå kommunenivået i eit partnarmøte i SØR (Sigowet) i løpet av juni-sept. 2008.
- OO ber administrasjonen kalle inn vegnemnda slik at dei kan ta stilling til dei problemstillingane som er skissert i notat.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0008/08	06/00103 PLAN FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I SAMNANGER KOMMUNE.
0009/08	08/00002 KULTURMIDLAR 2008. TILDELING
0010/08	08/00264 PLAN FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE
0011/08	06/00321 PSYKIATRIPLAN 2008 - 2010.
0012/08	05/00064 KULTUR FOR LÆRING - KUNNSKAPSLØFTET. LOKAL LÆREPLAN I PROGRAMFAG TIL VAL
0013/08	08/00043 LØYVE TIL SAL AV ØL 2008-11.
0014/08	08/00044 SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN OG UTESERVERING 2008-11.
0015/08	08/00210 TV - AKSJONEN BLÅ KORS 2008 - VAL AV KOMMUNEKOMITE.

0008/08

PLAN FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I SAMNANGER KOMMUNE.**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Kristian Jørgensen sett fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune utredar moglegheita for hjelp til husvask til dei brukarane som ønskjer det”

Fellesframlegg:

”Oppvekst og omsorg legg Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger ut til offentleg høyring slik den ligg føre med vedteken tillegg. Høyringsfristen er sett til medio/slutten august 2008.”

Det vart først røysta over framlegget til Jørgensen som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg legg Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger ut til offentleg høyring slik den ligg føre med følgjande tillegg:

Samnanger kommune utredar moglegheita for hjelp til husvask til dei brukarane som ønskjer det. Høyringsfristen er sett til medio/slutten august 2008.

0009/08

KULTURMIDLAR 2008. TILDELING**Framlegg til vedtak::**

Administrasjonssjefen har ikkje framlegg til vedtak.

Handsaming i møte:

Oppvekst og omsorg gjekk igjennom søknadane, drøfta og røysta over evt. overføringar av midlar mellom dei ulike funksjonane.

Endeleg vedtak over tildeling går fram i vedtaket.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg tildeler til følgjande:

TILDELING KULTURMIDLAR 2008	
Namn på søkjar	Tildelt 2008
1.1500.3770.4701:	
Song og musikk kr 40.000	
Samnanger skulemusikklag	25 000
Samnanger barnekor	5 000

Tysse /Nordbygda musikklag	10 000
Sum	40 000
1.1500.3803.4701:	
Idrettsarbeid, kr 75.000	
Samnanger idrettslag	65 000
Tysse skyttarlag	5 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	5 000
Samnanger idrettslag, Langrennsgr.	0
Sum	75 000
1.1500.2310.4701:	
Barne- og ungdomsarbeid, kr 122.000	
URD ul	5 000
Nordbygda ul.	35 000
Nordbygda ul. Arbeidsstove	4 000
Lønnebakken grendalag	6 000
Ungdomsklubben Petit	10 000
Samnanger søndagsskulelag	2 000
Soul survivor, Samn. Kyrkjelyd	10 000
Ten Oase Experience	0
Ten kafe	10 000
Barnas festspilldag	4 500
Til administrativ fordeling	35 500
Sum	122 000
1.1500.3851.4701:	
Forsamlingshus, kr 28 000	
Nordbygda ul.	6 000
I/S Vonheim	2 000
Tveit ul.	2 000
Sandvik grendalag	2 000
Frøylandsdal grendalag	2 000
Grønsdal grendalag	2 000
benker idrettsplass	12 000
sum	28 000
1.1500.3854.4701:	
Øvrige kulturføremål, kr 25.000	
Samnanger Røde Kors	2 000
SRK Besøkstenesta	5 000
Samnanger historielag	1 000
Samnanger Pensjonistlag	2 000
Kulturstipend	10 000
Vonheim Revy og Teaterlag	4 000
"Glemmeboken"	0
Samnanger kulturhistoriske senter	**
Rolvsvåg turlag	1 000
sum	25 000

** Tilskot kulturminner

0010/08

PLAN FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**Framlegg til vedtak:****Handsaming i møte:**

Heidi Gjerde fekk permisjon frå resten av møtet og gjekk før handsaming av sak 10/08.

Fellesframlegg:

”Oppvekt og omsorg legg Plan for personar med nedsett funksjonsevne ut til offentleg høyring slik den ligg føre. Høyringsfristen er sett til medio/slutten august 2008.”

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekt og omsorg legg Plan for personar med nedsett funksjonsevne ut til offentleg høyring slik den ligg føre. Høyringsfristen er sett til medio/slutten august 2008.

0011/08

PSYKIATRIPLAN 2008 - 2010.**Framlegg til vedtak::**

Framlegg til revidert psykiatriplan 2008 – 2010 dagsett april 2007 vert endra ved at handlingsplan for 2008 vert utvida med desse tiltaka:

Rusfritt arrangement for barn og unge	kr 50.000
Aktiviseringstiltak for psykiske sjuke barn og barn av psykisk sjuke foreldre	kr 50.000
Aktivisering av psykisk sjuke – ekstra hjelp/innleige av kurshaldar m.m.	kr 50.000

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til revidert psykiatriplan 2008 – 2010 dagsett april 2007 vert endra ved at handlingsplan for 2008 vert utvida med desse tiltaka:

Rusfritt arrangement for barn og unge	kr 50.000
Aktiviseringstiltak for psykiske sjuke barn og barn av psykisk sjuke foreldre	kr 50.000
Aktivisering av psykisk sjuke – ekstra hjelp/innleige av kurshaldar m.m.	kr 50.000

0012/08

**KULTUR FOR LÆRING - KUNNSKAPSLØFTET.
LOKAL LÆREPLAN I PROGRAMFAG TIL VAL****Framlegg til vedtak:**

For faget programfag til val fastset Samnanger kommune følgjande plan, gjeldande frå skuleåret 2008/09: Sjå vedlegg.

Handsaming i møte:

UDIR har kome med nytt namn på faget: Utdanningsval. Dette vert innarbeidd i planen. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

For faget Utdanningsval fastset Samnanger kommune følgjande plan for Samnanger ungdomsskule, gjeldande frå skuleåret 2008/09:



UTDANNINGSVAL
LOKAL LÆREPLAN
FOR
SAMNANANGER UNGDOMSSKULE

INNHALD:

Forord

Føremål med faget

Timetalet i faget

Karakterar i faget

Dei grunnleggjande dugleikane

Kompetansemål i faget

Mål, innhald og organisering av Utdanningsval for 8.klasse.

Mål, innhald og organisering av Utdanningsval for 9.klasse.

Mål, innhald og organisering av Utdanningsval for 10.klasse.

FORORD

Utdanningsval er obligatorisk fag på ungdomstrinnet frå skuleåret 2008/09. Programfag til val (PTV) har vore eit nytt fag på ungdomstrinnet frå innføringa av Kunnskapsløftet. Skuleåra 2006/07 og 2007/08 har det vore overgangsordningar / forsøksperiodar for PTV. Skuleeigar har vore ansvarleg for utarbeiding av lokal læreplan i faget. Kompetansemåla skal vera tydelege, og organiseringa skal tilpassast lokale forhold. Våren 2008 har det vore ei høyring om vurdering i faget skal vera med eller utan karakter, om vurderingskriterier og om namnet på faget. Departementet har 27.05.2008 trekt den konklusjon etter at høyringa vart avslutta, at faget heiter Utdanningsval, og det skal ikkje vera vurdering med karakterar, sluttvurdering: Deltatt. Målet er at den lokale planen vil oppfylle føremålet med faget og føra til eit aktivt samarbeid i praksis med vidaregåande skular og med næringslivet. Nasjonal læreplan er overordna den lokale læreplanen.

FØREMÅL

Hovudføremålet med Utdanningsval er at elevane skal få meir kunnskap om dei ulike utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring slik at dei er betre rusta til å ta kloke val i 10.klasse i høve vidareutdanning og yrke.

Utdanningsval skal:

- gi elevane høve til val som skal bidra til auka engasjement og betre føresetnad for seinare utdanningsval
- gi elevane erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer dei ulike utdanningsprogramma
- gi elevane betre tilpassa opplæring og høve til meir praktisk aktivitet eller fordjuping

TIMETALET

Timetalet i faget er 113t á 60 min for dei tre åra til saman (eller 152 økter á 45 min.)

Fordeling av timar på dei tre årsstega (à 45 min.):

- * 8.årssteg 19 årstimar som gir 0,5 t/v
- * 9.årssteg 76 årstimar som gir 2,0 t/v
- *10.årssteg 57 årstimar som gir 1,5 t/v

Timane skal leggjast til våren i 8.årssteg, over heile året 9.årssteg og på hausten.i 10.årssteg.

VURDERING UTAN KARAKTER

Det skal nyttast mappevurdering i dette faget. Alle presentasjonar og innleverte arbeid skal vurderast utan karakter. Eigenvurdering, rapportar og liknande skal leggjast inn i mappa og mappa blir vurdert.

GRUNNLEGGJANDE DUGLEIKAR

Dei grunnleggjande dugleikane skal integrerast i arbeidet med faget. Dette kan elevane gjera gjennom å:

- Uttrykkja seg munnleg, t.d. argumentera og reflektera i
 - gruppesamtalar
 - elevsamtalar
 - framføringar
- Uttrykkja seg skriftleg i
 - refleksjonsoppgåver
 - intervju
 - logg
 - søknad
- Lesa
 - katalogar om utdanning
 - informasjonsmateriell
 - planar for dei ulike utdanningsprogramma
 - faglitteratur
- Rekna
 - å forstå enkle grafiske framstillingar
 - berekna kostnader knytt til val av seinare skulegang/studie
- Bruka digitale verktøy til å
 - finna informasjon om utdanning, yrke, vidaregåande skular og verksemder
 - skriva oppgåver
 - gjennomføra testar
 - laga og oppdatera digital mappa

KOMPETANSEMÅL I FAGET

Hovudmål:

Elevane skal kunna gjera eit riktig val av utdanningsprogram til vidaregåande opplæring.

Eleven skal kunna:

- ha kunnskap om alle utdanningsprogram
- nytta digitale verktøy til å finna og oppbevare informasjon om utdanning og yrke
- dokumentera eige arbeid
- presentera utdanningsprogram
- skriva ein informativ CV
- utarbeida ein karriereplan
- ta i mot rettleiing og hjelp
- nytta erfaringar til å reflektera over eigne val

1: INNHALD I FAGET PÅ DEI TRE STEGA

Hovudområde i 8.klasse:

- Oppretting av karrieremappe (digitalt t.d. It's learning /papir).
- Gjennomføra interestetest (skoletest.no).
- Utarbeida CV.
- Kort innføring i dei 12 utdanningsprogramma.
- Finna informasjon om aktuell utdanningsveg, jf. resultat av interestetest.
- Drøfta resultat av interestetest og innhald i karrieremappa med foreldre/føresette i Utviklingssamtalen på våren.
- Ein til to dagar med utplassering på føresette/kjenning sin arbeidsplass.
- Bli kjend med lokale bedrifter.

Hovudområde i 9.klasse:

- Gjennomføra interestet (skoletest.no / mittyrke.no / nav.no)
- Oppdatera CV.
- Innføring i dei 12 utdanningsprogramma.
- Velja eit utdanningsprogram og vitja vidaregåande skule for hospitering ein til to dagar.
- Prøva ut eit yrke, utplassering i ei (ev. to) veke (Skriva søknad) / Ei veke på vgs
- Formidla eigen kunnskap/erfaring til andre – mini utdanningsmesse (eigen regi)
- Entreprenørskap
- Oppdatera karrieremappe

Hovudområde i 10.klasse:

- Gjennomføra interestet (skoletest.no / mittyrke.no / nav.no)
- Oppdatera CV.
- Laga mini utdanningsmesse for elevar i 9.klasse + foreldre/føresette (Ev. arbeidsveke)
- Velja eit utdanningsprogram og fordjupa seg i det.
- Informasjon om vgs av elevar frå Vg1.
- Kveldsmøte på vgs for foreldre/elevar.
- Utarbeida karriereplan.
- Individuell rettleiing.
- Yrkesmesse.
- Oppdatera karrieremappe.
- Søknad på www.vigo.no

Utdanningsval 8. klasse**19 timar Utdanningsval + 8t frå norsk/samf.fag**

Tema	Tidsbr. 45 min.	Kven	Læringsmål Eleven skal kunna:	Vurderings- kriterium	Eigenvurdering	Vurdering
Interesstest på nettet www.nav.no	1t	Kontaktlærer/rådgjevar/ Skal også opp på foreldremøte på våren.	Få auka sjølvvinnstilt om eigne interesser.	Eleven skal kunna finna og nytta testen og ta ut resultatet. Sett inn i papirmappe.	Gjennomføra test og reflektera over eige val. Tema i utviklingssamtalen på våren.	
Orientering om strukturen i dei 12 utdanningsprogramma.	1t	Kontaktlærer/Rådgjevar	Vita kva for utdannings- program ein kan velja.	Eleven har kunnskap om utd.programma.		
Søkja på Internett om dei ulike utdanningsprogramma www.vilbli.no	2t	Kontaktlærer	Nytta Internett til yrkesorientering.	Eleven kan finna fram relevant informasjon.	Vurdera eige arbeid med innsamling av informasjon.	Eigenvurderingsskjema
Oppretting av karrieremappe på It`s learning	2t	Kontaktlærer	Oppretta og lage struktur på ein karrieremappe.	Eleven kan nytta It`s learning og oppretta mappe.	Vurdera utforming av og innhald i mappa.	Sjekke oppretting av mappe.
Lage CV på data Sjå døme frå Arendalsmodellen.	3t	Norsklærer	Laga eigen CV.	Eleven kan laga CV med god layout.	Overføra sjølvvinnstilt til CV.	Formell CV til mappa, innhald og utforming.
Fordjupe seg i eit yrke og vegen fram til yrket ➤ Skriva om yrket. ➤ Utdanningsveg ➤ Lage eit intervju med ein som jobbar i det yrket. ➤ Reinskriva ➤ Framføra for dei andre i klassen ➤ Hospitering i yrke hos foreldre/føresatt.	3t 2t 1t 6t	Kontaktlærer/norsklærer	Kjenna innhaldet i eitt yrke og vegen fram til yrket. Laga og gjennomføra eit intervju og presentera det for klassen.	Eleven kan gjera greie for eitt yrke, innhald og utdanningsveg.	Kva lærte du om yrket? Reflekter over dine draumar ut frå det du har høyrte og sett etter alle framføringane. Skrivalogg. Ark med elev- og foreldrevurdering. Munnleg framføring.	Skriftleg og munnleg arbeide vert vurdert. Rapport i mappa.
Bli kjent med din eigen kommune gjennom bedrifter, prosjekt, presentasjon.	6t	PROSJEKT SAFA Kontaktlærer/faglærer	Kjenna til verksemdar i eigen kommune.	Eleven skal ha oversikt over ulike verksemdar i kommunen.	Avkryssingsskjema på It`s learning.	Vurdera munnleg framføring.
	27t	19t frå PTV + 8t no/samff.				

Det er administrasjonen sitt ansvar for å skaffa avtalar med partnerskapsverksemdar.
8t frå norsk/samfunnsfag blir tatt av tid til tema som CV og bli kjent med eigen kommune.

Utdanningsval 9. klasse

76 timar (2t/v)

Tema	Tidsbruk 45 min	Kven	Læringsmål Eleven skal kunna:	Kriterium	Eigenvurdering	Vurdering
Gjennomføra interessetest www.skoletest.no	1t	Kontaktlærer/rådgjevar	Få auka sjølvinnstikt i høve egne interesser.	Eleven skal kunna finna og nytta testen og ta ut resultatet.	Gjennomføra test og reflektera over eige val. Tema i utviklingssamtalen på våren.	
Utvida presentasjon og fordjupning i dei 12 utdanningsprogramma <ul style="list-style-type: none"> PPT presentasjon. Sentrale nettstader Framsying for foreldre 	8t	Kontaktlærer/rådgjevar Brukar www.vilbli.no	Kjenna innhaldet i dei 12 ulike utdanningsprogramma. Skaffa seg kunnskap om dei ulike utd.program som grunnlag for eige val.	Eleven skal kjenna innhaldet i utdannings programma og aktuelle nettstader. Eleven skal ha god kunnskap om minst 2 utdanningsprogram.	Kjenna til kva for yrker dei ulike utdanningsprogram kan føra til.	Framsying for foreldra.
Vidareutvikla karrieremappe og CV på data Sjå døme frå Arendalsmodellen	2t	Kontaktlærer/norsklærer	Oppdatera innhaldet i karrieremp. og eigen CV.	Eleven kan nytta It's learning og oppdatera CV og mappa.	Vurdera utforming av og innhald i CV og mappa.	Alt skal lagrast i karrieremappa.
Førebuing av arbeidsveke <ul style="list-style-type: none"> * Skriva søknad * Jobbintervju * Yrkesetikk * Rapport/logg * Arbeidsveka evt. hospitering ved Vg s1. * Skriva rapport/logg. Presentera for eigen klasse.	35t	Sjå døme frå Arendalsmodellen Kontaktlærer/norsklærer/rådgjevar	Skriva ein jobbsøknad og gjennomføra eit jobbintervju. Kjenna til og reflektera over kva som er god yrkesetikk. Alt: Få god kunnskap om innhaldet i eit studieprogram og krav til kunnskap og interesser.	Eleven skal kunna utforma jobbsøknad, ha kunnskap om yrkesetikk og jobbintervju. Eleven skal kjenna til innhald og arbeidsmåtar i eit utdanningsprogram.		
Få råd og individuell rettleiing	2t	Rådgjevar/Kontaktlærer	Ta i mot rettleiing og hjelp.	Eleven skal kunne gjera seg nytte av råd og rettleiing.	Ta i mot og gjera seg nytte av råd og rettleiing.	
Praktiske grupper med utgpkt. i utdanningsprogramma Alt: Entreprenørskap i kombinasjon med andre fag. (2dg x 2gr)	24t	Kontaktlærer/lærarar/rådgjevar	Få god kunnskap om 2 utdanningsprogram gjennom er faring med innhald, oppgåver og arb.måtar.	Eleven skal ha erfaring med innhald og arbeidsmåtar i 2 utdanningsprogram. Eleven skal ha kunnskap om planlegging og etablering av eigen bedrift.		
Lokal tilpassing	3t	Kontaktlærer/rådgjevar	Vitjing av personar som fortel om ulike yrke.			
	76 t					

Utdanningsval 10. klasse

57 timar (1,5t/v)

Tema	Tidsbruk 45 min	Kven	Læringsmål Eleven skal kunna:	Kriterium	Eigenvurdering	Vurdering
Gjennomføra interasetest (skoletest.no / nav.no)	1t	Kontaktlærer/rådgjevar	Få auka sjølvinnst i høve egne interesser.	Eleven skal kunna finna og nytta testen og ta ut resultatet.	Gjennomføra test og reflektera over eige val. Tema i utviklingssamtalen på våren.	
Fordjupa seg eit utdanningsprogram	6t	Kontaktlærer/rådgjevar	Kjenna rammer og innhald i eit av dei 12 utd.programma og presentera kunnskapen for dei andre på trinnet.	Individuelt. Eleven skal kjenna heile innhaldet i eit utdanningsprogram og aktuelle nettstader.	Kjenna til kva for yrker det aktuelle utdanningsprogram kan føra til.	Presentasjon for trinnet.
Lokal tilpassing: - Open dag på vdg.skular - vitja bedrifter i små grupper - Arbeidsdagar ??? eller - Hospitering 2 dagar	6t 9t 12t	Døme: ➤ Safa ➤ Faginteriør ➤ Utskot-fiskebåten ➤ Kommunen Rådgjevar/kontaktlærer	Kjenna godt til ulike vg.skular og dei tilbod dei har og kunna presentera dette for andre. Få meir kunnskap om eit yrke eller eit utdanningsprogram.	Få innsikt i ulike arbeidstader og moglegheiter.		
Oppgradera karrieremappe og eigen CV. Utarbeida karriereplan.	2t	Sjå døme frå Arendalsmodellen Kontaktlærer	Bruka internett og andre digitale verktøy	Eleven kan nytta It's learning og oppdatera CV og mappa. Eleven kan utarbeida ein karriereplan.	Vurdera utforming av og innhald i CV og mappa. Vurdera innhald og relevans i karriereplanen.	Alt skal lagrast i karrieremappa.
Informasjon om vgd.skule av elevar frå Vg1.	2t	Rådgjevar	Få kunnskap og inspirasjon til framtidig utdanningsval.			
Yrkesmesse fylket	3t	Kontaktlærer/rådgjevar	Få meir kunnskap om ulike utdanningsveggar.	Eleven skal ha god kunnskap om minst fire yrke og utdanningsvegane fram.	Kjenna innhald i fire ulike yrke og utdanninga som fører til dei fire yrka.	
Kveldsmøte med foreldre og elevar. Informasjon og stand om utdanningsval.	5t		Få kunnskap om ulike utdanningsveggar og søkjeopprosess.			
Opplæring i å søkja på nettet og skriva søknad på www.vigo.no	2t	Rådgjevar	Ta i mot rettleiing og hjelp.			
Lokal tilpassing Samtale med rådgjevar	9t	Kontaktlærer/rådgjevar				

0013/08

LØYVE TIL SAL AV ØL 2008-11.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram for utvalet utan tilråding.

Handsaming i møte:

Trude Løvskar sette fram følgjande framlegg:” Kiwi Bjørkheim og K.Knutsen A/S får nytt 4-årsløyve til å selja alkoholhaldige drikka med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald. Løyvet gjeld fram til kl. 20.00 kvardagar og laurdagar fram til kl. 18.00.” Det vart røysta over framlegget som vart vedteke med 5 mot 1 røyst.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev Kiwi Bjørkheim og K.Knutsen A/S nytt 4-årsløyve til å selja alkoholhaldige drikka med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald. Løyvet gjeld fram til kl. 20.00 kvardagar og laurdagar fram til kl. 18.00.

0014/08

SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN OG UTESERVERING 2008-11.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding

Handsaming i møte:

Eva Hellevang sette fram følgjande framlegg: ”Søknad frå Bjørkheim kro og motell om utviding av eksisterande løyvetid til kl. 02.00 alle dagar for øl, vin og brennevin vert ikkje imøtekomen. Samnanger kommune sluttar seg til merknad frå lensmannen.

Bjørkheim kro og motell får løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin. Løyvet har slikt innhald:

- For skjenking av øl og vin frå kl. 12.00 til kl. 01.00 alle dagar.
- For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar.
- Løyvet gjeld og uteservering. ”

Det vart røysta punktvis over framlegget til Hellevang.

Første ledd vart samrøystes vedteke. Andre ledd vart vedteke med 5 mot 1 røyst.

Vedtak:

Søknad frå Bjørkheim kro og motell om utviding av eksisterande løyvetid til kl. 02.00 alle dagar for øl, vin og brennevin vert ikkje imøtekomen. Samnanger kommune sluttar seg til merknad frå lensmannen.

Bjørkheim kro og motell får løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin.

Løyvet har slikt innhald:

- For skjenking av øl og vin frå kl. 12.00 til kl. 01.00 alle dagar.
- For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar.
- Løyvet gjeld og uteservering.

0015/08

TV - AKSJONEN BLÅ KORS 2008 - VAL AV KOMMUNEKOMITE.

Framlegg til vedtak:

I Samnanger kommune får utval for oppvekst- og omsorg ansvar for TV-aksjonen.

- Utval for oppvekst- og omsorg utpeikar 1 av sine representantar til kommunekomiteen, han vert og leiar.
- Kommunekomiteen bør ha 5 medlemar.

Desse vert valde:

Handsaming i møte:

Oppvekst og omsorg slutta seg til følgjande:

Eva Hellevang –leiar

Kristian Jørgensen

Odd Lønnebakken.

Dei valde vel to repr. innan 7 juni.

Vedtak:

I Samnanger kommune får utval for oppvekst- og omsorg ansvar for TV-aksjonen.

- Utval for oppvekst- og omsorg utpeikar 1 av sine representantar til kommunekomiteen, han vert og leiar.
- Kommunekomiteen bør ha 5 medlemar.

Desse vert valde:

Leiar Eva Hellevang

Kristian Jørgensen

Odd Lønnebakken

Velgast av gruppa innan 7 juni.

Velgast av gruppa innan 7 juni